



Terje Kleivdal
Vassbygvegen 119
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3607 - 16/34082

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
13.12.2016

Ferdigattest riving - gbnr 183/2 Kleivdal

Administrativt vedtak. Saknr: 595/16

Tiltakshavar/ Terje Kleivdal

ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at riving er fullført. Gjennom dette er det stadfesta overfor at arbeidet er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.10.2012

Det vert elles vist til søknad motteken 14.11.2016.

Skildring

Adresse:	Kleivdalsvegen 493
Bygningstiltak:	Hus for dyr/landbruk
Bygningsnummer:	176260009

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av driftsbygning på gbnr 183/2.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3607

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Terje Kleivdal

Vassbygdvegen 5912
119

SEIM